

NORSKE ARKITEKTKONKURRANSER

Utgjeven av Norske arkitekters landsforbund på oppdrag av Gloppen kommune

NR.
482
2017



Den urbane fjordlandsbyen Sandane
Illustrasjon: Haugen/Zohar Arkitekter / Asplan Viak

Parallelloppdrag

«DEN URBANE FJORDLANDSBYEN SANDANE»



Norske arkitekters
landsforbund

DEN URBANE FJORDLANDSBYEN SANDANE

Arbeidsgruppa for parallelloppdraget «Den urbane fjordlandsbyen Sandane» har vore representert ved lokalt næringsliv, politikarar og administrasjon. Rolla til arbeidsgruppa har vore å sikre gode lokale prosessar og forankring av prosjektet. Vi har jobba tett på evalueringskomitéen og dei to fagteama som var engasjert, og på denne måten fått god innsikt i dei faglege løysingane som er foreslått.

Arbeidsgruppa vil rette ein stor takk til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Statens vegvesen, det lokale næringslivet, grunneigarar, utbyggjarar, innbyggjarar og andre som har bidrege med faglege innspel og engasjement i prosjektet. Ein ekstra takk til Sogn og

Fjordane fylkeskommune som har bidrege økonomisk, og gjorde det muleg for kommunen å lyse ut eit oppdrag med to fagteam.

Gjennom parallelloppdraget har kommunen fått gode innspel til mulege løysingar for korleis utvikle Sandane til ein meir attraktiv og berekraftig tettstad.

Dei to fagteama – Lala Tøyen/Pushak og Haugen/Zohar/Asplan Viak - har gitt lokalsamfunnet og våre utviklingsaktørar fagleg påfyll og kunnskap om god og framtidsretta tettstadutvikling. Dette gir oss mulegheit å jobbe langsiktig og målretta, med gode grep undervegs, mot ein attraktiv og urban fjordlandsby.



Sandane sentrum i dag. Foto henta frå oppgåveprogrammet

Gloppen kommune si arbeidsgruppe
08.05.2017



Leidulf Gløppestad

Ordfører
Leiar for arbeidsgruppa

Sign

Magni Aa Berge

Varaordfører

Sign

Gunnvor Sunde

Politisk representant

Sign

Bjørn Aurlien

Gloppen kommune

Sign

Svein Ottar Sandal

Politisk representant

Sign

Leon Bakkebø

Gloppen næringsorganisasjon

Sign

Birte Fossheim

Gloppen kommune

Sign

Knut Roger Nesdal

Gloppen kommune



BAKGRUNN

Gloppen kommune fekk i 2015 utarbeidd ein sentrumsanalyse og ein flauanalyse for kommunesenteret. Desse analysane viser at vi har ei rekkje utfordringar i Sandane sentrum. Føremålet med parallell-oppdraget var å svare på desse utfordringane, ved at to ulike fagteam leverte framtidsskisser og forslag til løysingar for Sandane sentrum.

Dei to fagteama som vann oppdraget var Lala Tøyen/Pushak og Haugen/Zohar/ Asplan Viak. Det vart sett ein prosjektperiode frå 16. januar til 29. mars, og i denne perioden vart det arrangert oppstartsseminar, midtvegsseminar og sluttseminar. På midtvegsseminaret vart det arrangert eit ope seminar for kommunar i fylket, for å skape dialog og kunnskapsdeling omkring tettstadsutvikling. På både midtvegs-seminaret og sluttseminaret vart det arrangert opne folkemøte, for å gje innbyggjarar i Gloppen innsikt i framtidsskisser og mulege løysingar frå fagteama.

Hovudfokuset i oppgåva som fagteama fekk, var å synleggjere ein heilskapleg utvikling av sentrumsområdet med ein god sambinding mellom kultur- og handelssentrum. Det primære var å utvikle sentrum meir på gåande og syklande sine premissar, og sjå på nye måtar å bevege seg og bruke sentrum på utan bil. Vegnett og parkering skulle planleggast utifrå det, samtidig som næringslivet sine behov skulle ivaretaast på ein tilfredsstillande måte. Vidare skulle dei syne korleis bygningsstruktur i sentrum kunne vere variert og tettbygd, basert på Sandane sitt særpreg og lokalt klima. Sentrum skal ha uterom og møteplassar som gir liv til sentrum, og gjere det attraktivt å opphalde seg i byromma der omsyn til ver og vind er vektlagt.

TEAM

UTVALGTE TEAM

TEAM 1

Haugen/Zohar Arkitekter
Asplan Viak

TEAM 2

Lala Tøyen as
Pushak

Denne sluttrapporten gir ei kortfatta oppsummering av fagteama sine forslag, og evalueringskomiteén sine faglege anbefalingar for det vidare arbeidet.

All dokumentasjon frå parallell-oppdraget er elles tilgjengeleg på kommunen si heimeside:

www.gloppen.kommune.no/tenester/samfunnsutvikling-og-planar/prosjekt



Nydleg utsikt over Sandane sentrum frå Draunekvila i Triselskogen. Foto: Marcin Sikora.

KOMITÉ

EVALUERINGSKOMITÉEN

Dei to forslaga er diskutert og gjennomgått av ein evalueringskomité med følgjande samansetning:

Maria Molden

Arkitektgruppen CUBUS AS
Arkitekt MNAL
Leiar for evalueringskomitéen

Mona Steinsland

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ann Kristin Nes

Statens vegvesen

Leon Bakkebo

Representantar frå lokalt næringsliv

Ola Sundt Ravnestad

Utbyggerrepresentant

Bernt Hauge

Grunneigarrepresentant Firda Billag

Knut Roger Nesdal

Nærings sjef Gloppen kommune

Sekretær for evalueringskomitéen har vore Birte Fossheim i Gloppen kommune

Utgjeven av Norske arkitekters landsforbund på oppdrag av Gloppen kommune



Gloppen kommune



Norske arkitekters
landsforbund

BYLIV
SENTERET

Senter for bærekraftig
by- og tettstedsutvikling

KORT OM PARALLELLOPPDRAGET

Parallelloppdrag er ein open prosess der fleire utvalde fagteam arbeider med ei oppgåvebestilling, og der ingen blir kåra som vinnar eller blir lova noko etterfølgjande oppdrag. Materialet som fagteama leverer blir vurdert av ein evalueringskomité. Deretter gir komitéen sine anbefalingar til oppdragsgjevar om korleis forslaga frå fagteama best kan nyttast i det vidare arbeidet.

Bakgrunnen for å gjennomføre dette som eit parallelloppdrag var at Gloppen kommune ønska ein open prosess med brei fagleg diskusjon. For kommunen var det viktig å sikre at dei to utvalde fagteama kunne dele erfaringar undervegs og få innspel både frå innbyggerar og andre aktørar. Vidare var det eit ønske at prosessen kunne bli påverka undervegs for å sikre at ein til slutt sat igjen med ulike forslag som samla kunne utgjere eit breitt og solid grunnlag for det vidare arbeidet med utviklinga av Sandane sentrum.

I parallelloppdraget deltok to inviterte fagteam etter at det var halde ein open anbuds konkurranse med 24 tilbydarar. Dei to utvalte fagteama har blitt likt honorert.

I perioden frå januar til mars 2017 blei det halde oppstartsmøte, 2-dagars midtvegsseminar og sluttseminar der fagteama presenterte sine forslag.

I utlysing av parallelloppdraget formulerte kommunen nokre målsettingar for Sandane som har stått sentralt i arbeidet dei to fagteama har utført:

- Utvikle attraktive bustadområde langs fjordfronten med urbane kvalitetar.
- Utvikle attraktive møteplassar mellom bygningane som bidreg til eit folkerikt sentrum tilrettelagt for alle.
- Tilrettelegge for moderne og innovative arbeidsplassar og kompetansmiljø.
- Ha eit sentrum der folk trivast best med å gå mellom handels- og tenestetilboda, og der det er lett for besøkande å finne fram.
- Ha eit sentrum som viser kommunen som ein attraktiv småbarnskommune.
- Ha eit sentrum som viser Gloppen som ein rik kulturkommune med mange aktivitetstilbod.
- Ha eit sentrum som bekrefter Gloppen sin posisjon som største landbrukskommunen i fylket.
- Ein stad med eit klimavennleg energisystem og som handterer klimaendringane.

Parallelloppdraget er gjennomført med bistand frå Norske arkitekters landsforbund v/ BYLIVsenteret.

KVALITETAR VED SANDANE

Sandane vaks fram som ein tettstad mot slutten av 1800-talet. Her var bindepunktet til resten av Nordfjord mot Bergen med dagleg båtavgang, og med samband over land gjennom Breim og Byrkjelo til Indre Nordfjord og Sogn.

Holvikjekta frå 1881 som du finn intakt og majestetisk på Nordfjord Folkemuseum, vitnar om fjorden si viktige funksjon gjennom historia. Sandane har tradisjonelt vore ei landbruksbygd, med gardsbruk spreidd på begge sider av fjorden. Landbruket står framleis sterkt i kommunen, og Gloppen er Sogn og Fjordane si største landbrukskommune. Sandane er elles kjend som historisk skulestad med Firda som landsgymnas sidan 1920. I dag bidreg Firda vidaregåande skule med linjer innan musikk, dans, drama og idrett til å gje eit svært godt utvikla kultur- og idrettstilbod for kommunen og regionen.

Framtidsvisjonar

Det er behov for ein god utvikling av Sandane som tydeleggjer målsettingane for tettstaden i lang tid framover. Gloppen kommune ønskjer at parallell-oppdraget skal gje framtidsskisser og vise ei retning for korleis ein skal få til ei heilskapleg utvikling av Sandane sentrum i eit langtidsperspektiv.

Oppdraget skal forankrast hjå politikarane og motivere dei til ei langsiktig utvikling av sentrum. Det skal inspirere utbyggjare og grunneigarar til å ville investere i Sandane sentrum og næringsaktørar til å etablere seg her. Det skal gje innbyggjarane framtidstru og stoltheit for kommunesenteret og sentrum skal vere ein triveleg stad å bu, arbeide og besøke.

Den framtidige utviklinga skal ta utgangspunkt i staden sitt landskap, klima og historie, der Sandane som historisk skulestad, landbrukskommune, fjorden, fjordfronten og elva som renn igjennom sentrum er viktige element.

Intensjonane er at resultatane kan brukast som grunnlag for arbeidet med områdereguleringsplan for Sandane sentrum.



Firda vidaregåande skule, eit trekkplaster og ein møtestad for ungdom i heile regionen. Foto: Geir Skagen.



Gamle rutebilstasjon for Firda Bilag. Ein møteplass for eldre midt i sentrum av Sandane. Foto: Geir Skagen



Aktivitetar og folk langs fjordfronten. Foto: Geir Skagen

RAMMEBETINGELSAR FOR OPPDRAGET

Hovudfokus i parallelloppdraget

Gloppen kommune definerte innhaldet i parallell-oppdraget for Sandane sentrum i «oppgåveprogrammet» som blei lyst ut på Doffin. Kommunen definerte her fire hovudtema for oppgåva som fagteama skulle levere på:

1. Mobilitet - mjuke trafkantar, bil og parkering.
Hovudfokus her var å styrke sentrum meir på gåande og syklande sine premisser. Det skal opplevast som trygt og folk skal føretrekke å gå mellom funksjonane i sentrum.
2. Uterom og møteplasser.
Hovudfokus her var å sikre ein offentlig fjordpromenade, og styrke kulturallmenningen frå folkemuseet til fjorden. Sandane er ein attraktiv kulturkommune, og dette må vise igjen i sentrumsutviklinga.
3. Bustader, næring og fortetting.
Hovudfokus her var å sjå på Sandane sentrum og kome med forslag til løysingar for bustader, næring og fortetting. Dette med utgangspunkt i Sandane sitt særpreg og at ein vil framstå som ein attraktiv fjordlandsby med nye bustader og næring.
4. Prosess og gjennomføringsstrategi.
Hovudfokus her var å gje råd og innspel til korleis planane kunne la seg realisere.



Småhusbusetnad og detaljhandelen gir kvaliteter og særpreg til Sandane sentrum. Foto: Geir Skagen

Ulikt fokus etter midtvegsseminar

Til midtvegsseminaret presenterte fagteama to ulike planforslag med ein del fellestrekk. Dette understrekar at Sandane har ein del klare strukturelle føresetnader og grunnleggande kvalitetar som det er stor einigheit om å utvikle og ivareta. Dette gjeld spesielt allmenningen som strekker seg frå Trivselshagen til fjorden, gardbygningane ved elvemunninga som saman med Gloppen hotell dannar eit viktig identitetsskapande kulturuttrykk. I tillegg er elva og naturdraget frå fjord til dal viktige blågrøne strukturar som må vektleggast i arbeidet med å utvikle sentrum.

På bakgrunn av ein del fellestrekk i planforslaga, var det naturleg å velje ut ulike fokusområder for dei to fagteama.

Lala Tøyen/Pushak


Lala Tøyen/Pushak fekk i oppdrag å jobbe med forbindelsen mellom sentrum og skule/Trivselshage område i aust-vest retning, frå fjorden og opp til folkemuseet. Dei skulle jobbe med kontakten med elva, og sjå på nettverket for gåande og syklande. Dei skulle sjå på organisering av byrom for å skape aktivitet gjennom året.

Haugen/Zohar Arkitekter / Asplan Viak

HZA/Asplan Viak fekk i oppdrag å sjå på korleis den nye sentrumsflata kunne bindast saman med den eksisterande sentrumsgata i nord-sør-retninga, med bindingane mellom sjøen og sentrum, og innhaldet i gatene. Dei skulle også sjå på bustadfortetting på sentrumsflata og illustrere ein realistisk bustadutvikling som styrka forholdet til sjøen. Dei skulle vektlegge busettings- og bygningshistoriske særtrekk og kvalitetar i høve til framtidig arkitektur, relatert til lokalklima og målestokk.



Gjestehamna langs fjordpromenaden i Sandane sentrum. Foto: Geir Skagen



EVALUERINGSKOMITÉEN SINE ANBEFALINGAR TIL GLOPPEN KOMMUNE

Evalueringskomitéen har, på bakgrunn av ei vurdering av dei to forslaga og diskusjonar undervegs, kome fram til nokre faglege anbefalingar til Gloppen kommune. Anbefalingane, saman med strategiar for vidare utvikling, må sjåast som evalueringskomitéen sin konklusjon.

Overordna anbefaling:

1. Sats på fjorden sine mulegheiter og kvalitetar
2. Oppgrader Sandane for mjuke trafikantar og lag ein samkøyrte parkeringsstrategi
3. Sats på kultursentrum, ungdomen og kulturallmenningen
4. Ta vare på det unike i Sandane
5. Lag ein plan som ivaretek mulegheiter for ny næringsutvikling
6. Bygg bustader som bidreg til ein god sentrumsutvikling
7. Lag ein tydeleg handlingsplan med prioriterte prosjekt på ulik nivå

Utdjuping av evalueringskomitéens anbefalingar:

1. Sats på fjorden sine mulegheiter og kvalitetar

Gjer fjorden tilgjengeleg og synlig for så mange brukarar av sentrum som muleg. Introduser fjorden for den reisande og gjer den til ein sentral del av Sandane sentrum. Skap miljø og programmer som supplerer og synleggjer kvalitetane langs fjorden. Styrk dei funksjonane som er der og la møte mellom fjord og kulturallmenning vere sentrum for aktivitetar, bading, stuping, badstue, skøytebu, kajakk osv. Tilrettelegg for bustader som får glede av nærleiken til fjorden samtidig som dei bidreg med liv og aktivitet til fjordfronten. Ikkje privatiser allmenn tilgang til fjorden, men opne for variert bruk av fjordfronten og kaiområde.

Flytte bussterminalen og gjestehamn

Firda billag med bussoppstillingsplass, godsterminal og vaskehall legg i dag band på store areal i sentrum. Det er ønskeleg at ein finn ein ny oppstillingsplass utanfor sentrum til bussane, og at vaskehallen vert flytta.

Bussterminalen som eit kollektivknutepunkt må ha ein sentral plassering i sentrum. Det styrkar sentrum og gir kollektivreisande ein lett og direkte kontakt med tilboda i sentrum.

Evalueringskomitéen støttar forslaget om å flytte bussterminal og gjestehamn mellom Sandane senter og Krånavegen. Vidare vil eit terminalbygg langs fjorden kunne få ein fleirbruksfunksjon med venterom, toalettfunksjoner, sykkelparkering, servicefunksjonar til gjestehamna. Kollektivknutepunktet blir eit knutepunkt for båt, bil, buss og handel.

Ei plassering av bussterminalen i dette området byggjer opp om dei overordna satsingsområda. Den aktualiserer fjorden og introduserer den som eit viktig element i Sandane til alle reisande. Den vil bli eit tyngdepunkt for fjordbyen og kulturallmenningen og vere ein stad mange møtast, ventar eller kjem til Sandane. Plasseringa vil også forsterke handelssentrum i Nordstrandsvegen og styrke Sandane senter, og på denne måte byggje opp om dei eksisterande kvalitetane som finst på Sandane i dag. Plasseringa vil også kunne bidra til oppgradering og betre gangforbindelse mellom eksisterande sentrum og fjordpromenaden. Når terminalen må flyttast, er avhengig av mange faktorar rundt tomtene på sentrumsflata. Utbygging og utvikling av aktivitetar på kulturallmenningen og ved fjorden er derimot ikkje avhengig av flytting av bussterminalen.

Endeleg køyremønster bør vurderast logistikkmessig i planprosessen, både for buss og privatbil gjennom sentrum. Med HZA/Asplan Viak si løysing vil bussterminal ved fjorden medføre at bussane får ein einvegskøyrte sløyfe gjennom sentrum. Det er ikkje lagt opp til at bussane kan køyre ned Krånavegen, innom terminalen og køyre ut att same vegen. Det er lagt inn busstopp i Sørstrandsvegen, og for folk som skal til legesenteret og matbutikkar bør det også vurderast eit busstopp i Grandavegen.



Illustrasjon: HZA / Asplan Viak

Offentleg fjordpromenade

Fjordfronten er Sandane sin juvel. Den skal vere ein attraksjon i seg sjølv, og ein identitet og særpreg for staden. Evalueringskomiteéen legg vekt på ein samanhengande fjordpromenade med variert innhald og utforming frå bussterminalen til Grandaparken. Vurdering av materialbruk i tre eller stein må gjerast i forhold til kva som tolst av påkjenning med omsyn til is og bølger. Materialbruken kan varierast med stein på dei utsette stadane og tre der folk skal ta og sitte på. Kanten på promenaden varierer, og det skal vere nedgang til fjorden fleire stader. Endegavalane på bygningane mot fjordfronten skal ha ein offentlig funksjon. Dette vil gje varierte opplevingar langs promenaden som små møteplassar, cafe, kajakk, tur og rekreasjonsområde. Universell utforming er eit gjennomgåande prinsipp og skal leggest til grunn på alle offentlege utareal.

Vidare er det positivt med utvida gjestehamn, med plassering i tilknytning til Sandane senter. Sjøbad, stupetårn og badstue er appellende forslag. Ungdomane brukar området i enden av allmenningen i dag, og ønskjer at fleire fjordaktivitetar vert lagt hit. Det at ein styrker enden av allmenningen med å legge til rette for meir aktivitet på fjorden med båtar og kajakk, er gode forslag som styrker dette område som aktivitetsområde og offentlig rom.

Ein klar plan for arbeidet langs fjordpromenaden og kaiområdet i samband med bustadutviklinga vil vere ein viktig og prioritert oppgåve for kommunen. Å binde kultur-allmenningen saman med Grandaparken gjennom ein offentlig og attraktiv promenade, vil styrke staden sin stoltheit og identitet knytt til fjorden.



Havnaflata. Illustrasjon: HZA / Asplan Viak

2. Oppgrader Sandane for mjuke trafikantar og lag ein samkøyrtparkeringsstrategi


Gang- og sykkelveg gjennom sentrum og opp langs elva

Gode forbindelsar for gåande og syklande må prioriterast. Det må etablerast samanhengande sykkelvegnett gjennom sentrum og opp til Trivselshagen.


Evalueringskomitéen meiner alternativet som følgjer eksisterande veg i Grandavegen er det som lettast let seg realisere. Her er det vist at dagens gatetverrsnitt er breitt nok til tosidig sykkelveg, fortau, gateparkering for bilar og bilveg med to køyrefelt.

I samband med NVE si flaumforebygging, må det etablerast gang- og sykkelveg langs elva frå Grandane og opp til Trivselshagen. Det bør byggast ny bru over elva, som binder saman kultursenteret og handlesenteret på ein god måte. Dette området vert på denne måten eit vakkert tur- og rekreasjonsområde i sentrum for eigne innbyggjarar og turistar. Det byggjer opp om naturdraget og elva sine blågrønne strukturer og naturkvalitetar. Om det er muleg å etablere gang- og sykkelveg på begge sider av elva eller berre på eine sida, vert ein dialog mellom kommunen og NVE. Om det er muleg å få til utifrå tverrsnitt og kostnader, er sti på begge sider å foretrekke. Uansett er det viktig at det blir muleg å krysse elva med gangbruer på strategiske stader, og at det biologiske mangfaldet i og langs elva vert teke vare på.


Før



Etter



Elvepromenade mellom ungdomsskolen og idrettsplassen. Fra utilgjengelig elv til sosial elvebredde med opphold. Ill: Lala Tøyen / Pushak



De fleste byer har store mengder areal satt av til bil i sentrum, og det er lett å kjøre fra butikk til butikk. Dette er arealkrevende og skaper dårlige forhold for myke trafikanter. Ill: Lala Tøyen /Pushak

Dei anbefalte gang- og sykkelvegane styrker kontakten med sentrum og gjer det lettare å forflytte seg mellom skuleområdet og sentrum. Sykkelveg er viktig for å gjere sykkel til eit trygt og føretrekt alternativ. Gode gangforbindelsar er bra for kvar enkelt og miljøet, men mest av alt for utvikling av ein tettstad. Det er når du går eller sykklar at du treff folk. Det er i møte mellom folk at noko oppstår, det vere seg ideutvikling, tankar, næringsidear, trygghet, tilhøyrighet eller rett og slett berre ein god latter.

Trivselskogen i fjellsida over Sandane vert utvikla til eit spennande og allsidig trenings- og turområde på høgt nasjonalt nivå. Det er av stor betydning at dette tilbodet vert knytt saman med gangstiar og viktige møteplassar i sentrum. Lala Tøyen/Pushak sitt forslag set fokus på dette med gode forbindelsar frå sentrum og opp i Trivselskogen. Dette kan forsterkast ytterlegare gjennom markeringar i kulturallemningen eller ulike formar for informasjon i sentrum. At Trivselskogen eksisterer og vert ein naturleg del av Sandane sitt mangfaldige tilbod, styrker attraktiviteten til Sandane og ikkje minst til dei nye bustadområda i sentrum.

Samle parkering


Måten bilane dominerer i Sandane sentrum i dag, med parkering over alt, gjerer at mange køyrer mellom

butikkane i sentrum. Det er korkje plass, trygt eller triveleg å gå mellom dei ulike butikkane, og medan alle køyrer så treff ein heller ikkje folk. Den gode parkeringskapasiteten gjer også at mange som kunne ha gått eller sykla til jobb, tek bil i staden.

Strukturering, samling og reduksjon av parkeringsplassar gir rom for andre funksjonar som gir liv til sentrum. Det skal fortsatt vere muleg å parkere i sentrum, men ikkje over alt. Parkeringsplassen kan utformast finare enn tradisjonelt, slik at den kan fungere i fleire samanhengar. Som eit fleirbruksareal kan det vere torg ein dag og parkeringsplass ein annan. Evalueringskomitéen er i utgangspunktet positive til langsgående gateparkeing. Fortau må vere breie og romslege, noko som gjerne berre gir gateparkering på ei side.



Ill: Lala Tøyen /Pushak



Det at folk går mellom butikkene, skaper møte mellom mennesker. Ill: Lala Tøyen /Pushak

Det er viktig at når ein reduserer parkeringsplassane, så introduserer ein samtidig eit nytt innhald og nye kvalitetar i erstatning. Det er alltid tungt å fjerne parkering, men med ein prosess som går over mange år, vil alle klare å tilpasse seg. Utan strukturering og reduksjon av parkering vil det ikkje vere rom for å satse på den urbane fjordlandsbyen.


Ein annan viktig føresetnad for å lukkast med å redusere antal bilar og dermed behovet for parkering i sentrum, er at det vert etablert gang- og sykkelveg langs innfartsvegane inn til sentrum. Vegane inn til sentrum i dag er trafikkfarlege for gåande og syklende. Situasjonen oppfordrar på ingen måte til å sykle inn til sentrum, men gjer at dei fleste vel å bruke bil. Gang- og sykkelveg langs innfartsvegane vil opne for ei god sambinding til bustadfelt som ligg rundt sentrum, og gjere at svært mange kan velje sykkel framfor bil. Kommunen må jobbe målretta i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen for å få realisert planlagde gang- og sykkelveg langs fylkesveg 615 og 700. I tillegg må kommunen sjå på enklare grep for å etablere nye og utbetre eksisterande snarveg mellom bustadområde og sentrum.

Den anbefalte struktureringa og organiseringa av parkering, styrker attraktiviteten av fjordlandsbyen og byggjer opp om dei viktigaste anbefalingane. Den skal også ivareta næringsaktørane sine interesser og den samla løysinga skal være med å styrkje grunnlaget for auka handel og næringsaktivitet i sentrum. Sentrum vil ha glede av at folk går ut av bilen og vandrar rundt. Eksisterande sentrum eignar seg best for gang- og sykkel, og dårlig for å plassere frå seg bilen mellom kvar butikk.

Det er viktig at det ikkje vert bygd parkeringshus under bustader der parkeringsdelen ligg på bakkeplan. Dette

skapar svært dårlege løysingar for «veggane» i gata og gjer dei innhaldslause, tomme og utrygge. På sikt må ei løysing med parkeringshus (evnt med ein "grøn" karakter) eller parkering i fjell vurderast dersom parkeringsbehovet er vanskelig å dekke. Vidare vert det anbefalt at kommunen og eigarar av handels- og næringsareal etablerer eit parkeringsselskap for å utvikle parkeringsløysingar på tvers av tomtegrenser. Kommunen må være kreativ med omsyn til korleis krav til bustadparkering vert handheva, då med tanke på frikjøp, deleordningar eller leige av plass i anna anlegg.

Sørstrandsvegen må integrerast meir i byrommet spesielt i kryssinga opp mot Firdavegen og Trivselshagen. Kommunen må i samarbeid med Statens vegvesen finne gode løysingar for kryssingspunkt, og fartsgrensa gjennom sentrum må reduserast til 30-km/t. Dette gjeld for både Nordstrandsvegen (Fv 700) og Sørstrandsvegen (Fv 615), kor det må sendast søknad om eiga formell fartsgrensesak.



Kulturakse. Det legges tilrette for Kulturaksen ved å koble sammen sentrum på tvers av Sørstrandsvegen. Dette bedrer forholdene for myke trafikanter og grunnlaget for byliv. Ill: Lala Tøyen /Pushak

Gjennomkøring i sentrum og over kulturallmenningen

Evalueringkomitéen har diskutert ulike løysingar for gjennomkøring i sentrum. Fagteama har sett på løysningar for å stenge for privatbil og åpne for kollektivtrafikk gjennom sentrum, medan evalueringskomitéen også har vurdert mulegheit for gjennomkøring for privatbil i sentrum.

I det vidare arbeidet må begge delar vurderast opp mot målsettingane for sentrum. Det har vore ein intensjon for utvikling av Sandane sentrum å tilretteleggje for mjuke trafikantar, utvikle kontakten med fjorden og stimulere til aktivitet og puls på kulturallmenningen.

Dersom ein opnar for gjennomkøring for både buss og privatbil over nedre del av allmenningen, så må det gjerast med ein gateutforming der bilen er "på besøk" over gangsona. Privatbilen vil gi flyt gjennom sentrum og gjere det meir tilgjengeleg for bilistar. Men det vil også medføre meir trafikk over allmenningen som kan øydelegge for tryggleik og fleksibel bruk av areala.


Dersom ein ikkje lar privatbilar køyre over allmenningen, kan dette generere meir trafikk på grunn av omkøring i ander gater. Det kan også gje eit uoversikleg bilde for folk som besøker Sandane og skal parkere bilen. Det positive med forslaget er at dette tvinger innbyggjarane i

større grad å sette frå seg bilen ein stad, og gå mellom funksjonane i sentrum. Det vil også gje større trafikktryggleik for gåande og sykklande og fleksibiliteten for bruk av allmenningen vil vere betre. (sjølv om bussen vil køyre over uansett).


Desse vurderingane må vere med når ein skal ta det endelege valet for gjennomkøring av privatbilar, slik at ein veit kva som vert konsekvensane. Følelsen av sentralitet og tilgjengelegheit i sentrum må vurderast opp mot tryggleik og fleksibel bruk av allmenningen.

Grandavegen ny handelsgate

Grandavegen er i dag svært uoversikleg for gåande og sykklande, og det er lite tilrettelagt for gåande mellom Coopbygget og Rema 1000 bygget. Grandavegen er foreslått med ny struktur som handelsgate med breie fortau, sykkelfelt, gateparkering og to-felt køyrebane fram til Coop parkeringa. Oppgradering av Grandavegen er med på å styrke sentrum for gåande. Dersom ein parkerer ved Coop, blir Grandavegen ein hovudåre fram til kulturallmenningen og vidare opp til eksisterande handelsentrum. At Grandavegen blir attraktiv, er avgjerande for at folk skal ønskje å gå mellom butikkane i sentrum. Eit interessant forslag er å transformere brannstasjonen til bryggeri eller anna kulturformål. Dette vil tilføre innhald og målpunkt i gata i tillegg til dei bustadane som kjem.



Snitt Grandavegen, eksisterende situasjon. Illustrasjon: HZA / Asplan Viak



Snitt Grandavegen, ny situasjon. Illustrasjon: HZA / Asplan Viak



Kulturakse. Ill: HZA / Asplan Viak

3. Sats på kultursentrum, ungdomen og kulturallmenningen

La Trivselshagen og skuleområdet få blomstre i sentrum, og skap god kontakt opp til Trivselshagen frå sentrum. Gi kulturallmenningen, som strekkjer seg mot fjorden, rom for mangfaldig bruk. Skap møteplassar og arrangement som får fram mangfaldet, ressursane og skuleelevane sitt naturlige nærvær i Sandane sentrum. Gjer det lett for alle dei som ikkje køyrer bil å ferdast i sentrum. Sats på sykkelveger og gode gangforbindelsar mellom skule og fjord.

Sambinding mellom handelssenter og kultursenter

Hovudgrepet her er å gjere Firdavegen om til ein fortsetjing av allmenningen, med betre gangforbindelsar, tydelegare fortau og fleire aktivitetar etablert i denne aksen. Gjennomkøyring i gata vil vere muleg, men på eit meir definert område enn før. Parkering vert tillate langs køyrebana, gjerne adskilt med tre som vil gje gata eit meir grønt preg. Parkeringsplassen ved STIL-stova har ein viktig funksjon, både for Firda vgs, kulturhuset, under idrettsarrangement og for butikkane som ligg i gata. Den vil også fungere som parkeringsplass for framtidige bustader i dette området. Evalueringskomiteén meiner denne parkeringsplassen bør oppretthaldast, og vurdere om arealet her gir rom for parkering i fleire nivå.

Lala Tøyen/Pushhak har foreslått å etablere ulike torg langs denne kulturallmenningen. Aktivisering av desse torga har tett kopling til arbeidet langs elva. Når det er etablert gangsti her, vil heile området vere meir attraktivt for gåande, og ein kan sjå på parkeringsløyser for denne delen av sentrum i ein ny heilskap. Treningstorget som er foreslått framfor STIL-stova, kan kanskje heller spreia ut på små stader langs elva og bidra til innhald og aktivitet i elveparken. Alternativt vil det vere plass på andre sida av STIL-stova opp mot idrettsbana.

Sambinding mellom kultursenter og handelssenter er svært viktig for å skape puls og aktivitet i sentrum. Denne allmenningen styrker heile Sandane sitt forhold til fjorden, og samlar tettstaden i eit tydeleg drag. Når Triveselshagen blir lett tilgjengelig frå sentrum, og ungdom får møteplassar for å vise sine kulturaktivitetar i sentrum, kan staden sine kvalitetar og stoltheit vere med å bygge den framtidige fjordlandsbyen.



Trivselsskogen sportstorg. Ill: Lala Tøyen /Pushak



Kulturaksen er en sentral møteplass for alle, som starter på fjorden og fortsetter helt opp til kulturplassen utenfor Firda vgs og folkemuseet. Infrastruktur for bondens marked, naust med stupebrett og badstu, oppbevaring av båt og kajakkutstyr, sløybenk med tilgang til ferskvann, fellesgrill, scene, drivhus, parsellhager, treningsapparater og pingpongbord er med på å legge grunnlaget for et levende og aktivt sentrum gjennom hele året.

Nytt havnebasseng er med på håndtere overvann når elven bærer mye vann, samtidig som det lager en ny sosial forbindelse til fjordflaten.

Når sentrumsflaten bygges ut, er det viktig at området blir en aktiv og tilgjengelig del som henger sammen med resten av sentrum. Variasjoner i typer og størrelse på næringslokaler er med på å trekke forskjellige aktører til sentrum.

Gloppen legesenter kan i fremtiden få Sandanes fineste takterrasse. Generøse trapper inviterer opp på taket hvor det er frodig og grønt, med boliger for hybelbeboere som om sommeren leies ut til turister.

Området bak hotellet fortettes med boliger med et tun-inspirert preg. Ny bro over elven fra idrettsplassen til Sørstrandvegen lager snarvei fra Trivselshagen til havneflaten.

Sportstorget utenfor flerbrukshallen er et viktig ankomstområde til kulturaksen når du kommer fra Åsen. Her vil grafikk på bakke og vegger, lyskaster med wifi og høytalere være med å gjøre området mer imøtekommende.

Fargartorget er Sandanes nye midtpunkt, og knytter fjordflaten med Trivselshagen. Et nytt uttkikkbygg på torget er en viktig sosial møteplass, her yrer det av liv hver lørdag!

Trivselshagen treningstorg. Her foreslås det apparater for egenvekttrening med lyskaster som inneholder wifi og høytalere.

Forplassen til kulturhuset, vgs og ungdomsskolen er et viktig samlingsområde. Her foreslås det oppholdstrapper ned mot idrettsbanen og fra ungdomsskolen ned mot elven. Sykkelparkering under tak hvor man kan mekke og lade sykler vil være med å gjøre forplassen aktiv og sosial.

Oppsummert Lala Tøyen/Pushak sitt forslag for Sandane sentrum.

Allmenningen langs Heradshuset og heilt ned til fjorden er vurdert som bilfri. Dette er avhengig av korleis buss og personbil vert handtert, for å skape tilgjengelegheit og fleksibilitet for bussane.

På kulturallmenningen blir det lagt til rette for utandørsaktivitetar som leik, torg og møteplassar. Det er ønskjeleg at kulturallmenningen får eit meir grønt preg med flere tre. Eit forslag er «bondens marknad» med marknadsplass og/eller marknadshall i Sandane, noko som vil vere særskilt med tanke på at Gloppen er den største jordbrukskommunen i fylket. Eit anna forslag som kan vurderast er drivhus med planter, bord og sitteplasser. Eit drivhus er ein enkel og relativt billig

måte å lage eit innerom med god visuell kontakt med omgjevnadane. Det gir klimaskydd mot regn og vind og ver og kan gje mulegheiter for aktivitet på allmenningen på litt meir ruskete dagar. Dette vil fungere som ein lun og lys møteplass året rundt og rette seg mot ulike målgrupper. Det er også eit mål å styrke enden av allmenningen med fjordaktiviteter slik som t.d. slipp for kajakkar/båtar, stupetårn, badstue m.m. La allmenningen manifestere seg med at den fysiske går ut i fjorden som ei steinbrygje og slipp.

Alle forslag om permanente eller temporære installasjonar må vurderast i forhold til ein heilskapleg plan for kulturallmenningen.



Sandane sin identitet som jordbrukskommune er bevart i sentrum. Foto: Mona Steinsland

4. Ta vare på det unike i Sandane

Sandane har nokre perler som gjer staden interessant for mange. Det gjeld stadleg natur- og kulturverdiar og uttrykk. Det er ikkje berre Gloppen hotell, men gardsbruket ved elvemunningen, stranda, allmenningen med den verna bygninga Firdatun, det eksisterande handelsentrum med eit sjeldan mangfald av butikkar og rolla som hjertet i ein sterk og levande jordbrukskommune. Gjer heile tettstaden til ein felles sak, gjennom handelsforeining eller avtaler som får ny og gamal handel, varer og mat til å blomstre saman.

Fortetting i området mellom Firdavegen og Gota

Gardstun i form av busetnad som legg seg naturleg i landskapet i en variert og mangfaldig struktur, er ein vesentleg del av Sandane sin opprinnelege byggeskikk, og fortel om Sandane sin identitet som jordbrukskommune. Når Sandane sentrum skal fortettast med bustader og næring, må ein ivareta dette heilskapsuttrykket. Spesielt er dette viktig i området bak og rundt Gloppen hotell, for å ivareta hotellet som identitetsberer og turistdestinasjon for Sandane.


Området mellom Firdavegen og Gota er velegna til variert fortetting av bustader. Området ligg nær både sentrum, skular, Trivselshagen og fjorden og er relativt enkelt å utvikle i nær framtid. Busetnad i området generelt må vurderast i forhold til kor høg utnytting området tåler gjennom snitt og volumstudiar av ny og gamal busetnad. Lys og utsiktsforhold, takform, fargar, materialbruk,

adkomst og visuelt uttrykk må vurderast i forhold til om dette styrkar området som heilskap.

Området knytt seg delvis til ein ny gangforbindelse frå idrettsplassen/ungdomsskulen ned til Gloppen hotell, med ny bru/kryssingspunkt over elva. Bustadane kan vere med å finansiere noko av gangvegssystemet og bidra til sambruk mellom elv og uteareal.

Området som vert kalla Øyna, er i gjeldane regulering merka som området for offentlege formål. Dette området vil kunne eigne seg til ein barnehage eller anna formål som støttar bustadfortetting i området. Det ligg tett på elveparken og ein barnehage vil få fine omgjevnader, vere sentrumsnært og kunne bidra til spennande leikeareal langs elva etter stengetid.

Gardstunet ned mot Grandaparken, stranda og naustmiljøet er samla sett identitetskapande kvalitetar som Sandane må synleggjere og få fram. Det er derfor ingen forslag om å byggje ut dette området. Bygningane kan fungere som kulturarenaer, alternativ til gardsbarnehage eller supplere Gloppen hotell med karakterfulle areal for kokkekurs med lokalmat m.m. Det er viktig at dette området inngår i ein felles «arealbank» for fjordlandsbyen, der ein understrekar verdien av at dette området ikkje vert privatisert med bustader. Ved at det vert oppretthalde som eit grønt friområde, vil dette løfte verdien på bustadane som er og vil bli etablert i området.



Næring/bustad. Illustrasjon: HZA/Asplan viak

5. Lag ein plan som ivaretek mulegheiter for ny næringsutvikling

Det er viktig å lage ein plan som tek høgde for framtidig behov for næring- og handelsareal. Det må vere muleg og interessant å etablere nye verksemder i sentrum, og på denne måten legge til rette for moderne og innovative arbeidsplassar.

Området nærast kulturallmenningen og Grandavegen er svært sentralt i forhold til viktige gangaksar og aktiviteter i sentrum. Her vil det også vere naturleg å tilretteleggje for noko meir og større næringsareal enn det forslaga legg opp til. For å sikre at Sandane har rom for vekst både i forhold til kontor, handelsareal og anna næring som gir arbeidsplasser, kan ein legge opp til noko breiare bygningsvolum her enn det framtidsskissene viser.

Bygningane som ligg ut mot Grandavegen og inn mot allmenningen skal tilretteleggast for næring i 1 etasje. Forslaget om å transformere dagens rutebilstasjon til barnehage, vil evalueringskomitéen ikkje anbefale. Bruken av området må sjåast i ein heilskap for næring og bustader, og styrast gjennom ein bevisst utbyggingsrekkefølge som sikrar nødvendig næringsareal ut mot kulturallmenningen og Grandavegen.

Klimavennlege energiløysingar


I samband med fortetting og utvikling av Sandane sentrum må det utgreiast kva energiløysing som er mest teneleg for Sandane. Skal Sandane legge til rette for ei framtidig og berekraftig utvikling, må energiforsyning av sentrum sjåast på i ein heilskap. Dette var ikkje ein del av fagteamas sitt oppdrag, og er difor noko kommunen må sikre nødvendig analyse og kunnskap om. Det kan ligge ein mulegheit for å tenkje infrastruktur i samband med NVE si flaumsikring av elva, og i den samanheng hastar det å få gjennomført ei slik analyse.



Fjordlandsby på sentrumsflata. Illustrasjon: HZA / Asplan Viak



Felles aktiviteter i gavler mot havn. »Lanterner. Ill: HZA / Asplan Viak




Fjordutsikt mens du vinker til naboen. Ill: HZA / Asplan Viak

6. Bygg bustadar som bidreg til ein god sentrumsutvikling


Det er alltid viktig for ein tettstad at det bur folk i sentrum. Det skapar miljø, trygghet, omsorg og interesse. Det gjer det lettare å leve berekraftig. Tilrettelegg for bumiljø som får gleda av nærleiken til fjord og fjell, samtidig som dei bidreg med aktivitet til sentrum og fjordfronten. Sandane har areal med flate sentrums-tomtar med vestvendt sjøutsikt. Det ligg til rette for god bustadutvikling i området, men tomtene er så sentrale i utvikling av Sandane, at ein ikkje kan byggje kva som helst i desse områda. Dei nye bustadane må ha kvalitet og bidra til ein god fjordlandsby med særpreg og eigenart. Dei skal gje liv til sentrum gjennom si utforming og variasjon.

Fortetting av bustader mellom Grandavegen og fjordfronten

Området mellom kulturalmenningen og Rema 1000 bygget er det største enkeltområde for fortetting i Sandane. Her ligg det til rette for en variert bustadutbygging med kvalitetar som både forsterkar Sandane som tettstad og utviklar nye spennande bumiljø som kan bidra til sentrumsbygging og forsterkning av fjordfronten. Forslaget frå HZA/Asplan Viak med bustader organisert i tre etasjar i lamellar i til dømes massivtre, og plassert i lengderetning øst-vest, har mange kvalitetar i seg. Dette skal gje alle utsikt både mot sjø og fjella rundt. Bustadane er plassert med omsyn til flomproblematikk og heva opp 70 cm frå kainivå. Dette skapar ein fin liten »avstand» mellom bustad og gategolv, og gjer det muleg



Snitt fjordfront. Illustrasjon: HZA / Asplan Viak



Boliger og takterrasser på Europrisbygget, med trapp ned til friområdet. Ill: Lala Tøyen /Pushak

å definere ulike offentlege og private soner mellom gate og bustad utan at det vert etablert barrierar. Høgdeforskjellane utnyttar ein i nedtrapping i uterom som lager skilje mellom privat og offentleg område. Bustadane kan byggast ut fleksibelt og etter marknaden sitt behov. Bustadane bygger på småbytradisjonar og danner tun med gode privat og offentlege uteområde. I endegavlane på bygningane ned mot fjordpromenaden, legg ein funksjonar som kan fungere som sosiale arenaer for fleire enn bebuarane. Dei offentlege funksjonane gjer at området ikkje blir privatisert, men har funksjonar som skapar innhald og målpunkt for fjordpromenaden, og gjer det meir attraktivt å gå der.

Bustader på Coopbygget og Europrisbygget

Det bør også vurderast mulegheiter for å utvikle og omforme eksisterande bygningsmasse. Utifrå bygningshøgde er det muleg å bygge bustader både på Coopbygget og Europrisbygget. Slike løysingar kan også bidra til å få meir grønt miljø på det som elles er grå og tunge flater. Ved Europrisbygget kan det etablerast takterasse med trapp ned til friområdet ved Grandaparken.

7. Lag en tydelig handlingsplan med prioriterte prosjekt på ulike nivå

Parallellprosjektet har fått fram mange av Sandane sine kvalitetar og belyst korleis alternativ utbygging kan gje Sandane fjordlandsby ein ny karakter. Nokon av forslaga

er godt gjennomarbeida og realistiske medan andre synar visjonar og mulegheiter som ligg lengre framme. Samla sett peiker innspela på Sandane sine mulegheiter og gir grunnlag for utvikling av ein heilskapleg og omforent plan med nærleik til folk og natur.



Gloppen folkebibliotek har flyttet ut i sentrum. Foto: Gloppen folkebibliotek.

Løysingane vert arbeidd vidare med i tilknytning til områdereguleringsplan for Sandane sentrum.

Somme forslag kan gjennomførast meir som kortsiktige tiltak. Kommunen må ta ansvar for å etablere samarbeid og nettverk med aktuelle utviklingsaktørar, og lage ein årleg handlingsplan for tiltak som skal gjennomførast. Tiltak og kostnader blir jobba med på vanleg måte opp mot politisk handsaming og prioriteringar. Det er viktig at næringsaktørar, investorar og utviklarar av eigendomar er medvitne om kvalitet tilpassa lokale høve og særpreg, og er med å investere i haldbar arkitektur i bygg og uterom. Utvikling og realisering av fjordlandsbyen Sandane er avhengig av samspel mellom mange aktørar slik illustrasjonen frå Lala Tøyen/Pushak viser.

Lange prosessar og mange folkemøte skapar entusiasme, og då er det viktig at det skjer noko i samband med dette. Ein realistisk plan for aktivitetar i sentrum i sommar, der nokon av mulegheitene frå parallelloppdraget blir


aktualisert, kan vere med å skape interesse og engasjement for å jobbe vidare.

Lista over laurdagsaktivitetar frå Lala Tøyen/Pushak, kan fungere som ein inspirator for mulegheiter og bør forankrast i frivillige lag- og organisasjonar.

Elveparken er også eit prosjekt det bør settast stor fokus på i samarbeid med NVE sitt arbeid. Ein plan for tilkoplingspunkt og små aktivitetar langs elva, vil kunne vere eit prosjekt som kunne t.d. vore utvikla på skulane med fokus på bygging av små treningsinstallasjonar o.l. Samla sett bør handlingsplanen innehalde både kommunale oppgåver og prosjekt som kan organiserast av skule, lag og organisasjonar på dugnad. Slik engasjerer ein på alle nivå.

Oppsummeringsvis er Sandane blitt endå meir klar over sine kvalitetar og mulegheiter, og kan utvikle ein tettstad som mange kan bli glad i.

Evalueringskomitéen
Gloppen kommune, mai 2017



Maria Molden
Arkitektgruppen CUBUS AS
Arkitekt MNAL
Leiar for evalueringskomiteen

Sign

Mona Steinsland
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sign

Ann Kristin Nes
Statens vegvesen

Sign

Leon Bakkebo
Representantar frå lokalt næringsliv

Sign


Ola Sundt Ravnestad
Utbyggerrepresentant

Sign

Bernt Hauge
Grunneigarrepresentant
Firda Billag

Sign

Knut Roger Nerdal
Næringsjef Gloppen kommune



Utvikling og realisering av fjordlandsbyen Sandane er avhengig av samspel mellom mange aktører. Ill: Lala Tøyen /Pushak



«DEN URBANE FJORDLANDSBYEN»

TEAM

HZA / ASPLAN VIAK

HAUGEN/ZOHAR ARKITEKTER:
Marit Justine Haugen
Johann Magnus Kjartansson

ASPLAN VIAK:
Ingeborg Ulvund Barlaup

Visjon


Teamet sin visjon for Sandane, som ligger vakkert til i enden av Gloppenfjorden, er ein moderne og naturnær tettstad med aktive og attraktive offentlege rom. Ambisjon er å bidra til å skape ein tettstad med bebyggelse og uterom som samspelear med omgjevnadane og etablerar ein nær kontakt til fjord og landskap. Vidare er det lagt vekt på sterke nabolag, som ligg nært varierte rekreasjonsmuligheiter og gode møtestader. «Om ein planlegg i tråd med ein framtidretta miljøtankegang kan Sandane bli eit forbilde for fjord-byer i regionen».

Teamet sine hovudgrep for sentrum:

Anlegg fjordpromenade. Som fjordlandsby er det essensielt at bebuarane kan utnytte nærleiken til fjorden med nedtrapping til sjøen på fleire stader, triveleg uterom og fellesfunksjonar.

Sandane sjøbad. Sandane sjøfront er i ein transformasjonsprosess til å bli eit midtpunkt for det kulturelle og sosiale sentrum i Sandane. I denne samanheng vil utvikling av Sandane sjøbad medverke i denne prosessen. Sjøbadet er foreslått lagt ved Rema 1000 bygget og nær stranda. Sjøbadet kan tilby eit urbant hamnelandskap med tørrdøkk, brygge, soldekk, stupetårn, badekulp, basseng og pongtonger.






Styrke og organisere allmenningen som hovedpulsåra i sentrum med funksjonar, lek og utandørs opphald. Allmenningen er gågate, og det bør ikkje tillates meir form for bygningsmessig fortetting på denne.

Anlegg bussterminal og gjestehamn nedst ved fjorden med innfartsåre frå Krånavegen. Slik vil det vere eit sentralt mobilitetsknutepunkt med adkomst for buss, båt og parkering.

Det byggast nytt terminalbygg med venterom, toalettfunksjoner, sykkelparkering og funksjonar til gjestehamna. Plasseringa vil forsterke det allerede eksisterande handelssentrum i Nordstrandsvegen.


Styrke eksisterande gangforbindelsar med belyste og breie trapper mellom Øvregate og sentrum. Universell utforming er eit gjennomgåande prinsipp og skal leggast til grunn på alle offentlege uteareal. Alle trafikkareal, bustadområde, gangvegar, parkområde samt fjordpromenade er planlagt trinnfritt og tilpassa universell utforming.

Utforme Grandavegen som ein triveleg handelsgate med breie fortau, dobbel sykkel trase, beplantning, gateparkering, belysning og utemiljø. Grandavegen er tovegskøyrta fram til parkeringsplassen. Derifrå er det einvegskøyrta for kollektivtransport. Ny busetnad med næringslokale i første etasje er lagt inntil Grandavegen. Brannstasjonen er transformert til bryggeri eller anna kulturformål. Ein ny handelsgate i Grandavegen, vil bli eit fint tilskot til sentrum.



Tilrettelegge for bustader som tek flom på alvor

Sentrumsflata fortettast med nye bustader organisert i 3 etasjes lamellar i massivtre og plasserast med lengderetning øst-vest. Dette for å gje alle utsikt både mot sjø og fjella rundt. Bustadane er plassert på to "havnesokler" pga flaumproblematikk. Det byggast fleksible bustadtypar med variert storleik tilpassa bebuarane. Fleire, lettstelte bustader for eldre, kort veg til service, helsetenester og møteplassar. Småleiligheter for unge vaksne og innvandrarar, nær handel og kollektivtrafikk. Bustadtilbod for familiar, nær både natur og service og eit sosialt naboenskap med leikekameratar og aktivitet for barnefamiljar.



Flomsikrings-plint / semi-private områder



Variasjon av grønne fellesrom

Trafikkmønster og parkering


Den fleksible parkeringa, tett på bustader og handel, blir bevart. Gateparkering ryddar opp i gateløp og arealbruk, spreier ein del av parkeringa utover, samtidig som det blir enno meir fleksibelt å sette frå seg bilen der det trengs. Tre sentrumsnære parkeringsplassar er anlagt i sentrum. Ein ved den nye bussterminalen, ein ved Coop og ein ved Rema 1000 bygget. Ved bussterminalen ligg parkering tett på senteret, og dei større parkeringsplassane er ramma inn slik at parkeringskapasiteten er god, utan at inntrykket av parkerte bilar dominerer staden.

Køyrebanane vert redusert i bredde, det blir lagt kantparkering på ei side i Grandavegen og det definerast gode, breie soner for fotgjengarar. Dermed er tilgjengeligheten like god, samtidig som gatene blir mer attraktive og fotgjengervennlige.

Avkjøringa til bussterminalen fra Øvregate er tovegskjørt, men det er kun einvegskjøring gjennom sentrum.

Klimaberedskap

Med omsyn til klimaendringane, bør ein planlegge vatn som ein ressurs for vatning av vegetasjon og som estetiske element. I planen er handtering av overvatn integrert i utforming av park, torg og uterom. Nye bustader er plassert slik at dei ikkje vert berørt av 100-års stormflo.



Eksempel på aktivitetar langs kulturallmenningen.



«DEN URBANE FJORDLANDSBYEN SANDANE!»

TEAM

LALA TØYEN / PUSHAK

LALA TØYEN:
Iwan Thomson
Kari Tønseth

PUSHAK:
Camilla Langeland

RÅDGIVAR:
ÅF

Visjon


Å skape fjordlandsbyen Sandane handlar om å byggje på eksisterande kvalitetar - den gjennomgåande elva, fjordfronten med den fantastiske utsikten, dei historiske strukturane med sine flotte bygg, og ikkje minst menneska som bur der. Dei historiske spora skal vere tydeleg når det skal fortettast i sentrum, og det bør vere synleg i sentrum at Sandane er en viktig landbrukskommune. Ved å lage trygge, direkte og herlege forbindelsar mellom områda, vert gåande og syklande prioritert, og ein vert oppmuntra til å la bilen stå når det er snakk om korte distansar. Store endringar krev langsiktig planlegging, men det er også muleg å få gjennomført enklare tiltak raskt.

Teamet sine hovudgrep for sentrum:

Mobilitet

Sandane sentrum er kompakt og har eit perfekt utgangspunkt for gåande og syklande. Kulturalmenningen fungerer som shared space-område mellom gåande og syklande. Det etablerast ein ny sykkelforbindelse over sentrumsflata og nytt bustadområde frå nord til sør.

Bilen skal ikkje ut av sentrum, men bilen sin plassering skal vere tydeleg og effektiv. Ein tydeleg parkeringsstrategi med tre strategiske parkeringsplasser vil bidra til eit sentrum med



Fargartorget

menneske og folkeliv. Kommunen og handelsstanden må saman etablere eit parkeringsselskap for å kunne utvikle parkeringsløyisingar på tvers av tomtegrenser. På lengre sikt kan ei løysing med parkering i fjell vurderast.

Dagens plassering av endestopp og servicebygg for buss midt i «indrefileten» til Sandane blokkerer ein viktig tomt for sentrumsutvikling, tilgang til fjorden og fjordutsikta. Det vert gjort framlegg om på sikt å omplassere bussterminal sentralt langs Sørstrandvegen slik at bussen sin gjennomkjøring i sentrum vert minimert.


Uterom og møteplassar

Fargarelva, Sandane sitt gamle offentlege vaskeri, låg ved elva og var tidlegare ein viktig sosial møteplass. Langs elva

bør det i framtida etablerast gode møteplassar og sykkel- og gangforbindelsar. Elvepromenaden må også fungere som eit system for overvatn ved flaum.

Fargartorget


Med aktivitetar på kulturalmenningen, kan Fargartorget bli eit trekkplaster for både innbyggjarar i Sandane og for nabokommunar. Det bør derfor vere noko «som skjer» i Sandane sentrum kvar laurdag. Dette krev at nokon må stå på litt ekstra i starten, men engasjementet vil smitte! Aktivitetane kan være alt frå vaffelsal til større eventer, som Bondens Marked eller Glopperock. Eit aktivt og levende handlessentrum vil skape liv, humør, kreativitet, og dermed vere til gagn for alle!



Et bilfritt torg dannes permanent sør for kafeen. Gjennomkjøring med bil er mulig, men på er mer definert areal enn før. Parkering er mulig langs kjørebanen utenom torget. Busstopp etableres langs Sørstrandvegen.

Trivelskogen treningstorg og sportstorg ved Trivselhallen

Det må etablerast snarvegar/koplingar frå sentrum til nære turområde som Trivelskogen. Området framfor STIL-stova vert etablert som eit treningstorg. Utanfor Trivselhallen må uteområdet gjerast meir attraktivt, og inngå som ein del av kulturallemenningen.




På lørdager og ved spesielle arrangementer utvides torget slik at det går fraside til fasade. Innkjøring er ikke mulig via Sørstrandvegen.

Belysning

Riktig belysning er viktig, og stolpehøgder må tilpassast ulike område. Det bør lagast ein plan for dei ulike gate- og vegtypane som fylkesveg, sentrumsgater, bustadområde, sykkel- og gangtrasear. Det er viktig å trekke inn dei naturlege kvalitetane som pregar fjordlandsbyen, der lyset ved fjorden er heilt unikt med refleksjonane som oppstår ved møte mellom fjell og vatn. Belysning skal vere med på å skape

Ulik belysning til ulike områder.



attraktive og innbydande byrom som bidreg til sosial interaksjon og møteplassar som også fungerer når det er mørkt. Belysning vil også gjere det trygt å ferdist her, og vil framheve dei blå/grøne elementa i Sandane.

Bustader

Tunet som typologi, både i form av gardsdrift og handelsverksemd, er vurdert til å vere ein vesentleg del av Sandane sin opprinnelege byggeskikk. Når Sandane skal fortette med bustader og næring, bør ein byggje vidare på tankegangen frå dei gamle tunstrukturane.

Det vert foreslått ein ny tverrforbindelse bak Gloppen hotell, organisert slik at dei dannar ein rekke med små tun. Gata vil ha ein offentlig karakter. Planen legg opp til nokre få p-plassar for bilpool som bebuarane kan nytte seg av.

På Grandanebygget er det foreslått bustader på takflatene, organisert med to felles uterom i midten. Bustadane er tenkt som små einingar i rekker som kan seljast eller leigast ut til hybelbuuarar eller sommargjester. Uteromma opnar seg mot syd, og lukkar seg mot vind frå nordøst og vest. Det etablerast adkomst til takflaten på fleire sider av bygget.

Prosess og gjennomføringsstrategi

Utvikling og realisering av fjordlandsbyen Sandane er avhengig av mange utviklingsaktørar. I tillegg er det lagt ved ei tiltaksliste i leveransen for den urbane fjordlandsbyen med ansvarsfordeling og realistiske tidsrom for gjennomføring av ulike tiltak som er foreslått. Det er også laga ei ideskisse til aktivitetsplan for aktivitetar i sentrum kvar laurdag året gjennom.



Tun som organisering av ny bebyggelse



Aktiviteter og installasjoner langs kulturalmenningen.



Istagt Gløppefjord og vinteraktivitet i fjordlandsbyen. Foto: Eyolf Johnsen

Norske arkitekters landsforbund (NAL)

Norske arkitekters landsforbund (NAL) er en fagideell medlemsorganisasjon for over 4300 arkitekter i Norge. Vi arbeider for å fremme god arkitektur og stedsutvikling, og utvikler forbildeprosjekter innen miljø og bærekraft med våre samarbeidspartnere. Vårt mål er å øke miljøkompetansen og tverrfagligheten blant arkitekter, planleggere og øvrige aktører i byggesektoren.

arkitektur.no

Norske Arkitektkonkurranser (NAK)

Norske Arkitektkonkurranser (NAK) er den eneste publikasjon i sitt slag, der arkitektkonkurransene dokumenteres på en systematisk og profesjonell måte. Her presenteres både vinnerprosjektet og de øvrige premierte, innkjøpte og hedrede utkastene, samt de sentrale deler av juryens kritikk. NAK oppleves av oppdragsgiver som et nyttig redskap i det videre arbeide med gjennomføring av byggesaken, samt at det gir god «markedsføring» for oppdragsgiveren og for prosjektet som skal realiseres.

